

Saksprotokoll

Utvalg: Kommunestyret
Møtedato: 21.05.2015
Sak: 22/15

Resultat:

Arkivsak: 15/393
Tittel: Protokoll: Høyringsuttale - søndagsopne butikkar

Handsaming:

Frøde Bøthun Krf gjorde følgjande framlegg til vedtak:

Det vert vist til Kulturdepartementet sitt forslag om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om heilagdagar og heilagdagsfred (heilagdagslova) §5 om sal frå faste utsalsstadar. Dette er synspunkt på departementet sitt primærforslag og på det andre forslaget, der avgjerdsmyndet vert lagt til den einskilde kommune.

Balestrand kommune støttar ikkje endringane som er føreslegne, korkje primærforslaget eller sekundærforslaget. Balestrand kommune meiner det ikkje er trong for eller at det er føremålstenleg med liberaliseringar som legg til rette for meir søndagshandel utover det som er lovleg i dag.

Balestrand kommune er ikkje einig i at tilbod og etterspurnad eignar seg betre enn lovverket til å regulere opningstidene. Balestrand kommune meiner det er viktig at regulering av opningstidene ikkje åleine vert avgjort av tilbod og etterspurnad. Ei vidareføring av dagens lovverk vil sikra at omsynet til søndagen som ein annleis dag, folk sin trong for ein felles kviledag, heilagdagsfreden og arbeidstakarane sin trong for ein fridag saman med vener og familie vert ivareteke.

For mange er dette ein viktig del av kampen for rett til eit familieliv. I punkt 9.5.4 i høyringsnotatet vert det peika på at nokre vil oppleve det som ei bør å måtte arbeide på søndagar. Varehandelen er stor og representerer over 65 000 bedrifter med 370 000 tilsette. Balestrand kommune meiner regjeringa sitt forslag er uheldig fordi det er mindre sannsynleg at alle desse arbeidstakarane vert sikra søndagsfri.

Balestrand kommune fryktar at regjeringa sitt liberaliseringsforslag vil slå beina under mange av nærbutikkane i distrikta. For mange er marginane små. Dersom lokalbutikkane vert lagt ned, forsvinn samtidig ein viktig del av grunnlaget for busetnaden i lokalsamfunnet.

Balestrand kommune meiner det er svært sannsynleg at regjeringa sitt forslag vil kunne føre til auka miljøbelastning fordi energiforbruket vil auke, og det vert fleire jobbreiser på søndagar.

Når det gjeld departementet sitt sekundærforslag, det alternative forslaget til endringar i heilagdagslova, åtvarar vi mot denne løysinga ut frå ei vurdering av spørsmålet om søndagshandelen som ei nasjonal sak: Det er viktig at heile befolkninga i Noreg får behalde søndagen som annleis dag og i framtida.

Balestrand kommune meiner det er naivt å tru at kommunane vil oppleve reell valfridom dersom avgjerdsmyndet vert lokalt. Marknadsmekanismane fungerer slik at konkurransesituasjonen raskt vil ta frå kommunane sjansen til å ta sjølvstendige avgjerder.

Det vart røysta over dette framlegget.

Vedtak:

Det vert vist til Kulturdepartementet sitt forslag om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om heilagdagar og heilagdagsfred (heilagdagslova) §5 om sal frå faste utsalsstadar. Dette er synspunkt på departementet sitt primærforslag og på det andre forslaget, der avgjerdsmyndet vert lagt til den einskilte kommune.

Balestrand kommune støttar ikkje endringane som er føreslegne, korkje primærforslaget eller sekundærforslaget. Balestrand kommune meiner det ikkje er trong for eller at det er føremålstenleg med liberaliseringar som legg til rette for meir søndagshandel utover det som er lovleg i dag.

Balestrand kommune er ikkje einig i at tilbod og etterspurnad eignar seg betre enn lovverket til å regulere opningstidene. Balestrand kommune meiner det er viktig at regulering av opningstidene ikkje åleine vert avgjort av tilbod og etterspurnad. Ei vidareføring av dagens lovverk vil sikra at omsynet til søndagen som ein annleis dag, folk sin trong for ein felles kviledag, heilagdagsfreden og arbeidstakarane sin trong for ein fridag saman med vener og familie vert ivareteke.

For mange er dette ein viktig del av kampen for rett til eit familieliv. I punkt 9.5.4 i høyringsnotatet vert det peika på at nokre vil oppleve det som ei bør å måtte arbeide på søndagar. Varehandelen er stor og representerer over 65 000 bedrifter med 370 000 tilsette. Balestrand kommune meiner regjeringa sitt forslag er uheldig fordi det er mindre sannsynleg at alle desse arbeidstakarane vert sikra søndagsfri.

Balestrand kommune fryktar at regjeringa sitt liberaliseringsforslag vil slå beina under mange av nærbutikkane i distrikta. For mange er marginane små. Dersom lokalbutikkane vert lagt ned, forsvinn samtidig ein viktig del av grunnlaget for busetnaden i lokalsamfunnet.

Balestrand kommune meiner det er svært sannsynleg at regjeringa sitt forslag vil kunne føre til auka miljøbelastning fordi energiforbruket vil auke, og det vert fleire jobbreiser på søndagar.

Når det gjeld departementet sitt sekundærforslag, det alternative forslaget til endringar i heilagdagslova, åtvarar vi mot denne løysinga ut frå ei vurdering av spørsmålet om

søndagshandelen som ei nasjonal sak: Det er viktig at heile befolkninga i Noreg får behalde søndagen som annleis dag og i framtida.

Balestrand kommune meiner det er naivt å tru at kommunane vil oppleve reell valfridom dersom avgjerdsmyndet vert lokalt. Marknadsmekanismane fungerer slik at konkurransesituasjonen raskt vil ta frå kommunane sjansen til å ta sjølvstendige avgjerder.

Samrøystes.